



Arkivnr: 2014/13889-70
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		07.09.2017
Fylkesutvalet		20.09.2017

Status og forslag til vidare gjennomføring av prosjekt "Hjertesone"

Samandrag

Det vert lagt fram forslag om å lyse ut ei prosjektstilling (toårig) til Trygg Trafikk avdeling Hordaland, som skal arbeide med implementering av vedtaket om «Hjertesone» i Bergen bystyre. Det vert lagt opp til at ein prosjektressurs skal vere på plass frå årsskiftet 2017/2018. Det vil vere Trygg Trafikk som har arbeidsgjevaransvaret.

I brev av 30. juni 2017 ber Bergen kommune om at Hordaland fylkeskommune tek saka om etablering av ei prosjektstilling (toårig) med seg inn i arbeidet med budsjettet for 2018, og etterspør med det ei snarleg tilbakemelding frå Hordaland fylkeskommune om mogleg løyving av midlar til ei slik prosjektstilling.

Fylkesrådmannen legg fram forslag om å nytte midlar frå Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sitt årlege budsjett for 2018 og 2019 til denne stillinga. Dei siste 3 åra har FTU hatt eit budsjett på 5 mill. kroner.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vil følgje opp Regional transportplan si satsing på «Hjertesone» gjennom å styrke ressursane som arbeidar med trafikksikring i fylket.
2. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen bidrar med inntil 1 million kroner årleg innanfor Fylkestrafikksikringsutvalet sitt budsjett i 2018 og 2019. Det vert lagt til grunn at dette er eit spleiselag med Bergen kommune om mellom anna ei prosjektstilling i Trygg Trafikk Hordaland.
- 3.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Oppfølging av prosjekt «Hjertesone»

Fylkesrådmannen, 15.08.2017

Bakgrunn

Bystyret i Bergen kommune gjorde følgjande vedtak 19. oktober 2016 (sak 258/16) på grunnlag av interpellasjon nr. 31 frå representanten Kerim Hestnes Nisancioglu (SV) vedkommande trafikksikre skular i Bergen:

1. *Alle skoler i Bergen skal innen utgangen av bystyreperioden ha en egen trafikksikringsplan med risikovurdering og tiltaksplan.*
2. *Alle skoler i Bergen skal innen utgangen av bystyreperioden opprette en «Hjertesone» rundt skolen, hvor det ikke er tillatt å sette av eller hente elever som blir kjørt til skolen. Dersom barn likevel kjøres, må stopp- og hentested skje på markerte steder utenfor denne sonen.*
3. *Skolene skal være pådrivere for at flest mulig går og sykler til skolen.*

Den 12. januar 2017 vart det skipa til eit felles møte mellom Bergen kommune ved byråd for byutvikling, byråd for barnehage, skole og idrett, Trygg Trafikk, Statens vegvesen (SVV) og Hordaland fylkeskommune (HFK) ved leiar i Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU). Agenda for møtet var oppfølging av vedtaket som vart gjort i bystyret 19. oktober 2016. På møtet var det semje om å setje av dedikerte ressursar til arbeidet, og at det bør opprettast ei prosjektstilling til å leie gjennomføringa av arbeidet i tett samarbeid med partane. Før ein slik prosjektressurs er på plass, skal partane, gjennom eit forprosjekt, foreslå innretning på og rammer for arbeidet. Ut frå dette vart det sett ned ei arbeidsgruppe med deltaking frå partane.

I møte i Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) av 7. juni 2017 var Bergen kommune ved byråd Anna Elisa Tryti invitert inn for å orientere om arbeidet med «Hjertesone». I møteprotokollen frå møtet heiter det følgjande, inder PS 24/17 Ymse, Orienteringar:

«Hjertesone» v/ Bergen kommune, Anna Elisa Tryti

Bergen kommune, Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune er samde om at det er behov for auka ressursar for å styrke arbeidet med hjertesone. Bergen kommune arbeider med ei sak om Hjertesone som skal handsamast av byrådet og bystyret. Fylkesrådmannen vil kome tilbake med ei eigen sak til utval for miljø og samferdsel og fylkesutvalet om oppfølging av Hjertesone. FTU var positiv til eit samarbeid med Bergen kommune om ei felles prosjektstilling i regi av Trygg Trafikk.

I møte i byrådet av 29. juni 2017 vart sak 242/17 *Etablering av «Hjertesoner» ved skolene i Bergen – status og forslag til vidare gjennomføring* handsama. I saka vart det foreslått å opprette ei prosjektstilling (toårig) til å leie arbeidet, og at denne skal finansierast gjennom eit spleiselag mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Vidare heiter det at det vert lagt opp til at prosjektressursen skal vere på plass frå årsskiftet 2017/2018.

Ved handsaming av saka i byrådet, vart det gjort følgjande innstilling til bystyret:

Bystyret slutter seg til foreslått plan for oppfølging av bystyrevedtaket i sak 258/16 om «Hjertesone» og arbeidet med trafikksikkerhet i grunnskolen i Bergen kommune.

Saka vert lagt fram i bystyret 27. september 2017.

Oppretting av ei prosjektstilling (toårig)

Det vert lagt fram forslag om å lyse ut ei prosjektstilling (toårig) til Trygg Trafikk avdeling Hordaland, som skal arbeide med implementering av vedtaket i Bergen bystyre. Det vert lagt opp til at ein prosjektressurs skal vere på plass frå årsskiftet 2017/2018. Det vil vere Trygg Trafikk som har arbeidsgjevaransvaret.

I brev av 30. juni 2017 ber Bergen kommune om at Hordaland fylkeskommune tek saka om etablering av ei prosjektstilling (toårig) med seg inn i arbeidet med budsjettet for 2018, og etterspør med det ei snarleg tilbakemelding frå Hordaland fylkeskommune om mogleg løyving av midlar til ei slik prosjektstilling.

Fylkesrådmannen legg fram forslag om å nytte midlar frå Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sitt årlege budsjett for 2018 og 2019 til denne stillinga. Dei siste 3 åra har FTU hatt eit budsjett på 5 mill. kroner.

Det vert lagt opp til ein modell der stillinga vert finansiert gjennom eit spleiselag mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Bergen kommune sitt finansieringsansvar vil verte avklart og omtalt i budsjettforslag for 2018, og på same vis vil fylkeskommunen kunne avklare finansieringss spørsmålet gjennom eigne budsjettprosessar. Eit slikt spleiselag er naturleg ettersom Hordaland fylkeskommune ved Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) finansierer Trygg Trafikk sine aktivitetar i Hordaland (aktivitetsmidlar), og denne saka gjeld implementering av konsept som Trygg Trafikk har sterkt eigarskap til i Bergen kommune, bestilt av bystyret.

Prosjektressursen skal støtte seg på ei prosjektgruppe med representasjon frå partane – Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Prosjektgruppa vil i praksis verte ei vidareføring av arbeidsgruppa som har hatt ansvar for arbeidet så langt. Prosjektressursen skal også rapportere til ei styringsgruppe med følgjande deltaking:

- Representant for leiinga i Trygg Trafikk
- Leiar for Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) (HFK)
- Fylkesdirektør for samferdsel (HFK)
- Kommunaldirektør for byutvikling (Bergen kommune)
- Kommunaldirektør for barnehage, skole og idrett (Bergen kommune)

Fylkesrådmannen sine kommentarar

I Noreg ligg nullvisjonen til grunn for alt trafikksikringsarbeid, og nullvisjonen er også slått fast som ei rettesnor for trafikksikringsarbeidet i Hordaland, jf Regional transportplan for Hordaland (2018-2029) (RTP).

I Hordaland er det møte- og utforkøyringsulykker, saman med ulykker med mjuke trafikantar som har flest hardt skadde og drepne, og det er difor desse ulykkestypene som må prioriterast. Bergen kommune har ein større andel alvorlege ulykker med mjuke trafikantar enn Hordaland elles. Statistisk sett er det svært få skuleborn som vert råka i alvorlege trafikkuulykker, men dette inneber ikkje at fokuset kan dempast. God fysisk tilrettelegging og eit kunnskapsbasert, haldningsskapande trafikksikringsarbeid er noko av det viktigaste ein kan gje den oppveksande generasjonen innanfor trafikfeltet. Trygge skuleveggar som gjev rom for fysisk aktivitet gjennom å gå og sykle til skulen er ønskjeleg. Dette er eit viktig grep innanfor folkehelsearbeidet som fylkeskommunen og har eit ansvar for.

I vedteken RTP er *Hordaland fylkeskommune positive til Bergen kommune sitt vedtak om innføring av «Hjertesone», og vurderer det som eit aktuelt tiltak og i andre kommunar* (RTP:45). Og når det gjeld vedtaket i bystyret frå oktober 2016 så har dette også fått nasjonal merksemd ved at det er nemnd i Nasjonal transportplan.

I Vegtrafikklova § 40a går det fram at fylkeskommunen har eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggleik. I Hordaland er det Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) som har ei særskilt oppgåve med å følgje opp dette. Innanfor «Hjertesone»-arbeidet som no er sett i gang i Bergen kommune har også fylkeskommunen og FTU ei rolle. Ikkje berre følgjer dette av RTP, som peikar på «Hjertesone» som eit godt trafikksikringstiltak som famnar vidt innanfor ulike fylkeskommunale fagområde, men også som ei koordinerande og støttande eining på regionalt nivå som ønskjer å leggje til rette for gode trafikksikringstiltak i kommunane. Det er her også viktig å minne om at mange av skulevegane i kommunane ligg på fylkeskommunalt vegnett.

I utgangspunktet har Trygg Trafikk hatt ein medarbeidar (distriktsleiar) i kvart fylke, men dette har endra seg dei seinare åra, og i seks av fylka har no Trygg Trafikk tilsett meir enn ein medarbeidar. I Hordaland, med

sine halv million innbyggjarar, og Bergen kommune som ein svært stor kommune, er det krevjande å følgje opp alle tiltak for ein medarbeidar.

Fylkesrådmannen rår til at den fylkeskommunale delen av midlane vert å hente frå budsjettet til Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU). Dette gjeld åra 2018 og 2019. FTU har eit årleg budsjettet på 5 mill. kroner. Det er rom innanfor FTU sine faste tiltakspostar til å setje av midlar til ei slik stilling.

Når det gjeld moglege, fysiske tiltak så legg fylkesrådmannen til grunn at desse vert finansiert over programområdet trafikksikring i byvekstavtalen for Bergen.

Oppsummert vil fylkesrådmannen minne om at trafikksikringsarbeidet er, og skal vere, mangfaldig. Dette inneber at det må arbeidast på ulike hald både gjennom fysiske, haldningsskapande og organisatoriske tiltak for å leggje det beste grunnlaget for ein trafikksikker kvardag. Følgjene av dette er at dei ulike trafikksikringstiltaka krev både ressursar, kapasitet og ikkje minst samarbeid på tvers av etatar, organisasjonar og lokalsamfunn. Arbeidet som FTU, Trygg Trafikk og dei einskilde kommunane gjer gjennom Trafikksikker kommune/skule/barnehage er eit eksempel på eit slik samarbeid. «Hjertesone» set skulen i fokus, og er eit godt grunnlag å byggje vidare på inn mot å verte godkjent som Trafikksikker skule. I tillegg er «Hjertesone» er eit arbeid som famnar vidt over fleire av fylkeskommunen sine ansvarsområder, og som difor bør løftast, - fyrst i Bergen kommune og deretter i andre kommunar.